



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
18/3923-1	18/00745-2	Aud Folkestad, audf@hivolda.no	07.09.2018

svar på høyring - Om adgang til PPU på grunnlag av bachelor i praktiske og estetiske fag - oppfølging av stortingsvedtak

Stortinget har i anmodningsvedtak bedt regjeringen sikre at bachelor i praktiske og estetiske fag kvalifiserer for opptak til PPU. Departementet ønsker å høre instansenes syn på hvordan vedtaket kan følges opp på en god måte.

Vi ønsker høringsinstansenes vurdering av følgende:

1. Vedtaket forutsetter en bachelorgrad i praktiske og estetiske fag (180 studiepoeng).

a. Hvordan skal vi i denne sammenhengen forstå "praktiske og estetiske fag"?

Praktiske og estetiske fag i lærarutdanninga har i lang tid vorte definerte ut i frå om dei er fag som er undervisningsfag i grunn- eller vidaregåande skule. Dette er eit greitt utgangspunkt.

b. Bør en slik bachelorutdanning være enfaglig, dvs. 180 studiepoeng i ett fag, eller bør den åpne for flere fag?

Vi minner om at bakgrunnen for å gje studentar med BA-grad i praktiske og estetiske fag opptak på PPU, er vedtaket av 21.12.15 der ny forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning blei vedtatt. Kravet om mastergrad for å ta PPU kom nå inn som hovudregel, men det vart gjort unntak for studentar med bachelorgrad i utøvande eller skapande kunstfag med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget eller ein bachelorgrad i idrettsfag med minimum 180 studiepoeng i faget.

I argumentasjonen for denne ordninga meiner vi det er viktig å trekkje fram at studentar med 180 studiepoeng i eitt fag vil ha ei sterk fagleg fordjuping, og at dette er noko av bakgrunnen for å gje dei ein særleg status som kvalifiserte til opptak på PPU. Den vidare argumentasjonen for dette unntaket kviler på den særlege rolla som dei praktiske og estetiske faga spelar i skule- og samfunnsliv. Den skapande og utøvande dimensjonen i desse faga er viktig, og dei som går inn i eit 180-studiepoengsløp innanfor sine fagområde, er oftast aktive utøvarar / kunstnarar. I Norge har det utvida kulturomgrepet omfatta idrett, noko som også kjem til uttrykk i vedtaket frå 2015.

Behovet for kompetanse innanfor dei praktiske og estetiske faga stort rundt om i kommunane. Mange lærarar i desse faga går i delte stillingar, noko som gjer det mogleg å tilby både skule, SFO og kulturskule god fagleg kompetanse. Mykje kan leggjast til rette for at dette skal bli lettare i praksis med tanke på greie lønns- og arbeidstilhøve. I tillegg har mange ønske om delstillingar fordi dei er utøvande i eiga verksemd. Vår konklusjon er altså at ein eittfagleg BA-grad i eitt av dei praktisk-estetiske faga (180 studiepoeng i faget), er særskild viktig for å halde oppe gode skapande fagtilbod og aktivitet på det utøvande feltet over heile landet.

c. Hvor mange fag kan eventuelt inngå, og i hvilket omfang? - ikkje aktuelt

d. Bør eventuelt alle fagene i bachelorgraden være praktiske og estetiske? – ikkje aktuelt

2. Det er spesielle opptakskrav til norsk lærerutdanning.

a. Bør det også være spesielle opptakskrav for søkere som tas opp på grunnlag av bachelor i praktiske og estetiske fag?

BA-studentar i praktiske og estetiske fag startar ofte grads-studiet sitt på bakgrunn av sterk personleg interesse for faget. Mange er allereie utøvande innanfor sitt spesialområde. Det vanlege er at dei så, i løpet av studietida, finn ut at dei også kan tenkje seg å undervise. Det er ikkje logisk at ein skal ha opptakskrav til alle som skal inn i desse BA-gradene på linje med dei som gjeld dei andre lærerutdanningane. Mange av desse studentane skal ikkje bli lærarar. Det er heller ikkje mogleg å skilje ut dei BA-studentane som kanskje kunne tenkje seg å bli lærarar i starten av det treårige løpet.

b. I så fall, hvilke?

Opptakskravet til PPU må vere fullført BA-grad i eitt praktisk-estetisk fag. Etter å ha oppnådd BA-graden, har studentane blitt målt i høve til læringsutbytte og fått sine karakterar. Dersom ein ønskjer å ha særlege opptakskrav til PPU for desse studentane, må det eventuelt vere karakterane frå BA-graden som vert lagt til grunn.

3. Andre hensyn som høringsinstansene ønsker å uttale seg om.

Dersom det er ønske om å tilby fleire fag i ei faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag, er dette mogleg i den nye faglærerutdanninga som er under arbeid.

Ei lærerutdanning i praktiske og estetiske fag med 180 studiepoeng i eitt fag med tillegg av PPU, er etter vår erfaring ei god utdanning. Den faglege fordjupinga i dette faget er større enn det som vil vere mogleg i masterutdanningane i GLU og truleg også i den nye to-faglege faglærerutdanninga i praktiske og estetiske fag som er under planlegging.

Vi meiner det er viktig å halde på moglegheita for å kunne ta pedagogisk utdanning etter BA-graden i praktiske og estetiske fag. Det bør vere fleire vegar til målet, og vi ser ingen grunn til at ikkje denne ordninga kan eksistere ved sidan av ei eventuell ny faglærerutdanning. Dei to ordningane vil vende seg

til ulike studentgrupper. Vi deler Stortinget sitt syn når det gjeld uro over manglande rekruttering av lærarar i praktiske og estetiske fag i framtida, og er glade for at stortingsfleirtalet vil ha unntak for søkjarar med bachelor i slike fag.

Ved Høgskulen i Volda har vi god erfaring med BA-grad pluss PPU i praktiske og estetiske fag og ønskjer å halde fram med denne ordninga. Det er viktig at vi har høge ambisjonar også for denne lærarutdanninga. BA-kandidatar med 180 studiepoeng i faget og eitt års PPU, vil vere blant dei best kvalifiserte lærarane i sitt eine fagområde. Dei vil ha større grad av fagleg fordjuping enn dei fleste lærarar med grunnskulelærarutdanning, som vil undervise i fag der dei har mellom 30 og 120 studiepoeng.

BA-utdanningane i praktiske og estetiske fag fangar opp ei studentgruppe som elles ikkje vil bli lærarar. Faglærarutdanningar, om dei er eitt- eller fleirfaglege, rekrutterer dei studentane som har bestemt seg for å bli lærarar. Slike er det for få av, og mange av dei gamle faglærarutdanningane har slitt med å få nok studentar.

Det må vere eit mål å styrke status og kompetanse i dei praktiske og estetiske faga i skolen. Nasjonale kompetansekrav er viktig i denne samanhengen. I tillegg er det avgjerande at UH-institusjonane rundt om i heile landet vert sett i stand til å utvikle gode fagmiljø og gje relevante studietilbod. Praktiske fag stiller store krav til sikkerheit, oppfølging og utstyr, og statusen heng då også saman med finansieringskategori for studia.

Høgskulen i Volda tilbyr BA-gradar i Musikk, Formgiving, kunst og handverk, Teater og drama og Idrett og friluftsliv og har i tillegg årelange tradisjonar for å gje PPU-tilbod innanfor alle desse fagområda. Studentane våre er svært opptatt av moglegheita til å kunne ta pedagogisk utdanning, og det har skapt mykje uro at det no vert sådd tvil om inntaksgrunnlaget for PPU. Vi ser fram til snarleg avklaring på spørsmåla departementet har stilt i denne saka. På grunnlag av vår erfaring og vår fagpedagogiske praksis gjennom mange år, vil vi sterkt tilrå at BA-grad i eit praktisk / estetisk fag med 180 studiepoeng i framleis skal vere grunnlag for opptak til PPU. Vi er difor glade for at Stortinget har gjort eit positivt vedtak i denne saka.

Med helsing

Johann Roppen
Rektor

Aud Folkestad
Dekan ved Avdeling for kulturfag

Kopi til: Avdeling for kulturfag v/Gunn Marit Lid, Avdeling for kulturfag v/Aud Folkestad, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning v/Ragnhild Paulsen Hamre, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning v/Arne Myklebust, Studieadministrasjonen v/Per Johan Ramsli, Studieadministrasjonen v/Marit Holstad Aarsæther, Aoife Florence Mary Goldsmith